

Saksbehandlar Siri Ingvaldsen, Fylkesbiblioteket
:
Sak nr.: 17/7812-28

Regional plan for kultur - planprogram

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet vedtek planprogram for Regional plan for kultur slik det ligg føre.
2. Fagområda fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vert tekne inn i Regional plan for kultur.

Vedlegg:

1. Oversikt høyringsuttalar
2. Regional plan for kultur - planprogram

Andre relevante dokument i saka:

E-sak 17/7812, fullstendige høyringsuttalar

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

Regional plan for kultur, planprogrammet, vart sendt på høyring etter vedtak i FU 27.09.17, sak 85/17. Høyringsperioden var 01.10-01.12.17.

Høyringsuttalane

Det har kome 21 høyringsuttalar.

To kommunar har kome med innspel, Førde og Flora.

Vidare har Høgskulen på Vestlandet, Musea i Sogn og Fjordane, Nynorsk kultursentrum, Norsk kulturskuleråd Sogn og Fjordane, Ungdomspolitisk utval, 4H Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane ungdomslag, Sogn og Fjordane husflidslag, Sognefjorden kystpark, Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane, Fylkesrådet for eldre, Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Forum for natur og friluftsliv sendt uttalar. Fire kunstnarorganisasjonar, Sogn og Fjordane fylkeskunstlag, Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane, Balestrand kunstlag og Norske kunsthåndverkere Vest-Norge har uttalt seg, og det har òg kome inn uttalar frå to enkeltpersonar.

Sjå vedlegg 1 for samandrag av høyringsuttalane.

Dei fleste innspela går på kva som bør vere innhald i og retning på sjølve planen, og må takast med i det vidare planarbeidet. Nokre av uttalane har konkrete framlegg til tiltak som kan vurderast når handlingsprogrammet til planen skal utarbeidast. Men det har òg kome kommentarar til prioriteringar og formuleringar i planprogrammet. I oversikta i vedlegg 1 går det fram korleis det er tenkt at innspela kan takast til følgje. Dei to tema nynorsk språk og digitalisering er i sterkare grad framheva i planprogrammet. Sjå vedlegg 2.

Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv inn i kulturplanen

I høyringsutkastet var det sagt at det skulle vurderast om Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og Regional plan for folkehelse skulle inkluderast i Regional plan for kultur. Dette var også i samsvar med formuleringar som låg inne i FU-sak 86/17 Regional planstrategi – status og framdrift på prioriterte planarbeid.

Det blir foreslått å *ikkje* inkludere Regional plan for folkehelse i kulturplanen. Denne femner m.a. om fagområde som arbeidsliv, barnehagar og skular, bu- og nærmiljø, område som går utover kulturfeltet. Perspektiva frå folkehelseplanen vil likevel vere med under utforminga av kulturplanen.

Fagområda fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv blir derimot foreslått tekne inn i kulturplanen. Det er eit mål å gå inn i regionreforma med så få planar som mogleg. I tillegg er det naturleg å harmonisere planverket vårt med Hordaland. Kulturomgrepet som ligg til grunn i planprogrammet er vidt, og fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv går inn som ein del her.

I planprogrammet er tema knytt til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv m.a. lagde inn under kapitla om føringar, status, kulturell infrastruktur, deltaking og oppleving, tidleg engasjement og mangfald og fellesskap. Når den nye kulturplanen er formelt vedteken, opphøyrer Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv å gjelde. Handlingsprogram anlegg, Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2018 og 2019 (FT-sak 50/17) gjeld ut perioden det er vedteke for, og blir integert i handlingsprogrammet i kulturplanen.

Sogn og Fjordane idrettskrins og Forum for natur og friluftsliv er orienterte om saka i møte 14.12.17 og 09.01.18, og er positive til at fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv går inn som ein del av kulturplanen. Forum for natur og friluftsliv har òg argumentert for ei slik løysing. Representant for idretts- og friluftslivorganisasjonane vil bli invitert inn i administrativ styringsgruppe for kulturplanen. Fylkesrådmannen vurderer at krav om medverknad i samband med at fagområda fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv går inn som del av kulturplanen er oppfylt.

Medverknad

Fleire av dei som har uttalt seg om planprogrammet gir uttrykk for at dei ynskjer å delta i administrativ styringsgruppe. Fylkesrådmannen meiner vi ikkje bør utvide gruppa utover representanten frå idrett- og friluftslivorganisasjonane, men heller leggje opp til medverknad gjennom arbeidsgrupper, fagsamlingar, seminar og konferansar. I vedlegg 1 er det kommentert kva møte/samlingar det er lagt opp til. Fleire kan kome til.

Arbeidsgruppene vil i hovudsak vere i aktivitet i forkant, under og etter møta/samlingane. Etter framdriftsplanen skal planutkastet vere klart til utlegging i mai, og det vil difor ikkje vere rom for meir langsiktig arbeid i arbeids- og referansegrupper. Det vil vere viktig at ein i samband med planarbeidet også deltek på møte og konferansar som andre enn fylkeskommunen arrangerer.

Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at fagområda fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vert del av kulturplanen, og at planprogram for Regional plan for kultur vert vedteke slik det ligg føre. Krav til medverknad frå partnarskapen er sikra gjennom høyringar, administrativ styringsgruppe, arbeidsgrupper, møte med partane, fagsamlingar og konferansar.